

Miljøverndepartementet  
Miljøvernminister: Børge Brende

## KONGELEG RESOLUSJON

Ref.nr.:

Saksnr:

Dato:

### **VERN AV NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I AURLAND OG VIK KOMMUNAR I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG VOSS KOMMUNE I HORDALAND FYLKE.**

#### **FORSLAG**

Miljøverndepartementet (MD) foreslår med dette vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde i Hordaland og Sogn og Fjordane fylke. Forslaget går ut på å verne eit areal på ca 576 km<sup>2</sup> (av dette er ca 547 km<sup>2</sup> landareal). Av dette totalarealet er 11 km<sup>2</sup> tidlegare verna som Styvi-Holmo landskapsvernområde. Bleiklindi naturminne ligg også i det nye landskapsvernområdet.

#### **VERNEVERDIAR**

Området representerer eit samanhengande og kontrastrikt landskap frå fjord til høgfjell med kombinasjonen av eit vilt naturlandskap med eit kulturlandskap.

Nærøyfjorden er den villaste og mest imponerende av fjordane i Sogn og Fjordane med isbreer og fjelltoppar som når opp i 1700 moh. Området har særmerkte landskapskvalitetar og stor variasjon når det gjeld landskapsformer, lausmasseavsetningar, planteliv, dyreliv og kulturhistorie.

Nærøyfjorden med området omkring blei i 1996 foreslått av Nordisk Ministerråd til å kome med på UNESCO si verdsarvliste (World Heritage List).

#### **ANDRE INTERESSER**

Nærøyfjorden er viktig for reiselivsnæringa. Innanfor framlegget til grenser for landskapsvernområdet er det påvist store områder med bergarten anorthositt. Det er oppgitt at forekomsten er av svært god kvalitet. Kombinasjonen av kvalitet, mengde og nærleik til sjø gjer førekomsten unik i verda. Anorthositten er vurdert å vere eit godt råstoffgrunnlag for ein rekke nåverande og framtidige bruksområde.

Eit areal på om lag 11 km<sup>2</sup> av sikringssona til Mjølfjell skytefelt ligg innanfor verneframlegget i Sogn og Fjordane.

Landbruksinteressar i form av beite, nydyrking, vegbygging og skogbruk er knytt til området. Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er og viktige transportårar til stadene langs fjordane.

Det er ønske om å nytte delar av kraftpotensialet i vassdrag ved å bygge mini- eller mikrokraftverk.

Området vert nytta til friluftsliv - både til turgåing, båtliv og bading.

#### **SAKSHANDSAMING**

Styvi-Holmo landskapsvernområde som ligg ved Nærøyfjorden, vart oppretta ved kgl. res. 18.10.1991. Dette området vil inngå i landskapsvernområdet som no vert fremja.

Bleiklindi naturminne (verna 26.05. 1933) ligg også i det nye landskapsvernområdet.

Framlegg om vern av Nærøyfjorden blei første gong fremma av Statens Naturvernråd (SNR) i NOU 1986:13 *Ny landsplan for nasjonalparkar*. SNR meinte store delar av området kvalifiserar til nasjonalpark, medan andre delar høver til landskapsvernområde. Rådet fann det vanskeleg å peike ut noko nasjonalparkområde som lar seg avgrense på ein fornuftig måte, og meinte derfor det er mest praktisk at heile området på om lag 550 km<sup>2</sup> blir eit landskapsvernområde, men med vernereglar som for ein nasjonalpark, for delar av området.

Framlegget om vern av Nærøyfjorden blei vidareført i St. meld. nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområdar i Noreg*. Regjeringa meinte det også burde vurderast å ta med austsida av Aurlandsfjorden i forslaget til vern av Nærøyfjorden, og at plan- og bygningslova, eventuelt kombinert med mindre naturreservat og kulturminne, kunne gje tilstrekkeleg vern av aktuelle område på Hordalandsida.

Gjennom arbeidet med St. meld. nr. 62 (1991-92) blei fjordlandskapet fokusert sterkare i høve til fjelllandskapet. Meldinga fekk tilslutning frå Stortinget 19.04.1993.

Miljøverndepartementet la i brev av 16.12.1993 fram ein strategi og ein framdriftsplan for dei einskilde verneområda i nasjonalparkplanen. I brevet vart Fresvikbreen med området omkring trekt med i verneplanarbeidet.

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland heldt orienteringsmøte om verneplanarbeidet for kommunane Aurland, Vik og Voss og fylkeskommunane 06.06.1994.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland starta planarbeidet høvesvis 02.09.1994 og 20.09.1994 med meldingsbrev til aktuelle grunneigarar, lag og organisasjonar, og meldinga om oppstart av planarbeidet vart lyst ut i lokalavisene.

Hausten 1994 vart det halde orienteringsmøte lokalt, i Dyrdal, Gudvangen, Undredal, Flåm og Fresvik. På Stalheim hadde ein orienteringsmøtet våren 1995. I Sogn og Fjordane vart det nedsett ei referansegruppe med representantar frå bygdene, kommunane og fylkeskommunen. Denne gruppa vart seinare utvida med representantar frå Hordaland. Referansegruppa har hatt seks møte der ulike sider ved verneplanarbeidet er diskutert. Aurland kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane arrangerte 09.10.1995 eit dagseminar om vern og forvaltning av verdfulle natur- og kulturlandskap, der det var stor deltaking frå både lokalt og sentralt hald.

Fleire av merknadene til meldingsbrevet frå fylkesmennene om oppstarting av planarbeidet er innarbeidde i verneframlegget. Referansegruppa har gjeve innspel til høyringsdokumentet med verneforskrift.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland sendte framlegget om vern på lokal høyring i november 1996. Direktoratet for naturforvaltning (DN) sende verneframlegget på sentral høyring 30.10.00.

I møte 26. oktober 2001 i Aurland blei kommunane og organisasjonar orientert om innhaldet i DN si tilråding.

## **SENTRALE ENDRINGAR UNDER PLANPROSESSEN**

### **Avgrensing**

Etter den lokale høyringa har fylkesmennene tilrådd fleire mindre endringar av vernegrensa for å ta ut innmark, dyrka mark, aktuelle nydyrkingsfelt og plantefelt, og areal for uttak av sand og grus.

Fylkesmannen i Hordaland har også tilrådd grenseendringar i Øvsthusdalen som gjer at sikringssona for Mjølfjell skytefelt blir liggjande utanfor verneområdet.

DN har etter den sentrale høyringa gjort ei mindre justering i grensa ved Ramsøy/Gudvangen. Grenseendringa gjer det mogleg med bygging av bergrom for utskipping av anorthositt gjennom Nærøyfjorden.

### **Verneforskrift**

Fylkesmennene har gjort fleire forskriftsendringar etter høyringa. Dei viktigaste endringane gjeld hogst og motorferdsel i samband med Forsvaret sine øvingar. Fylkesmennene tilrådde å endre det samanhengande flatehogstarealet frå eitt til fem dekar, og at det etter løyve kan opnast for skogsdrift på større flater. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har teke inn i forskrifta at forbodet mot motorferdsel ikkje gjeld i samband med militær øving i sikringssona for skytefeltet.

DN har etter sentral høyring opna for etablering av luftesjakter som er naudsynt i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet. DN har også endra forskrifta slik at vern ikkje vil vere til hinder for militær lågtflyging.

DN har også gjort nokre redaksjonelle endringar i tråd med gjeldande mal for verneforskrifter for landskapsvernområde.

## **ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA**

DN har mynde til å fastsetje forvaltingsstyresmakt for verneområdar og er innstilt på å overføre formell mynde for verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde til dei tre kommunane.

Miljøverndepartementet støtter dette. Utgifter til vern og forvaltning av området blir dekket innanfor eksisterande budsjettammer.

## **GENERELLE MERKNADER TIL HØRINGSUTTALELSENE**

I samband med lokal høyring mottok fylkesmannen i Hordaland 32 uttaler og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 39 uttaler. DN har motteke 31 uttaler i samband med den sentrale høyringa.

I tillegg til departement med underliggjande sentrale organ, grunneigarar, rettighetshavarar, kommunar og fylkesinstansar, har følgjande organisasjonar og instansar hatt planen til uttale:

AS Polymer, Borgestad Fabrikker, Austfjelli sankelag, Raundalen sankelag, Slondalen salte og sankelag, Vossestrand/Nærøydalen sankelag, Mjølfjell Vel, Nærøy Vel, Uppsetedalen Vel, Voss Bonde- og småbrukarlag, Voss Bondelag, Voss Grunneigarsamskipnad, Voss utferdslag, Vossestrand Bondelag, Vossestrand Sau og Geitealslag, VOT-Tiltakskontoret for Modalen-Vaksdal-Ulvik-Granvin-Voss, Televerket, region Bjørgvin S. og Fj. Distrikt, Kystverket 2. distrikt, Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane, Prosess og foredlingsindustriens landsforbund, Aurland jakt- og fiskelag, Aurland Bondelag, Aurland Bonde- og

småbrukarlag, Aurland sau- og geitealslag, Nærøy sau- og geitealslag, Flåm Vestfjell sankelag, Aurland Reiselivslag, Aurland Sogelag, Fresvik bygdeutval, Fjellheimen Villreinnemnd, Idrettslaget Modig, Feios sau- og geitealslag, Fresvik sau- og geitealslag, Vik sau- og geitealslag, Vik bondelag, Feios bondelag, Fresvik bondelag, Vik bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane Energiverk, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Hordaland, Voss lokallag av naturvernforbundet, Fylkeslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane av Norges jeger og fiskerforbund, Sogn og Fjordane Turlag, Bergen Turlag, Aurland Turlag, Friluftslivets fellesorganisasjon, NOF avdelinger i Hordaland og Sogn og Fjordane, Distriktsalliansen, Kommunenes sentralforbund, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning, NHO avd. Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Sau- og geitalslag, Sogn og Fjordane Reiselivsråd, Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane, Sogn politikkammer, Distriktskommando Vestlandet, Hordaland Infanteriregiment 10, Fjordane HV-distrikt 10, Fjordane Regiment/Forsv. Bygningstjeneste, Forsvarets bygningstjeneste Sør-og Vestlandet, Statens namnekonulerantar for Vestlandet, Bergvesenet, Norges Geologiske Undersøkelse, Kommunenes sentralforbund, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norskog, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Fjellstyresamband, Norges Fiskarlag, Norske Fiskeoppdretteres Forening, Taretrålfiskernes Forening, Fiskerinæringens landsforening, Norges Kystfiskarlag, Braathens, SAS Norge, Widerøe's Flyveselskap ASA, Norsk Aeroklubb, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Fremtiden i våre hender, Norges Naturvernforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Foreningen Våre Rovdyr, Norsk Limnologforening, Norsk Biologiforening, Norsk Geologiråd, Verdens Naturfond, Greenpeace, Stiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, SABIMA, Norges Miljøvernforbund, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådene Landsforbund, Norges Idrettsforbund, FORF-Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum, Norsk Geologiråd, Villreindrådet i Norge, Det Kgl. Selskap for Norges Vel, Norges Velforbund, Prosessindustriens landsforbund, Energiforsyningens fellesorganisasjon, Statkraft SF, Statnett SF, Kulturminnevernets fellesorganisasjon, Fortidsminneforeningen, Norsk Almenningsforbund, Utmarkskommunenes sammenslutning, Nortra, Reiselivsbedriftenes landsforening, Transportbedriftenes landsforening, Jordforsk, Norsk institutt for skogforskning, Stiftelsen for naturforskning og kulturminneforskning, Norsk institutt for vannforskning, Havforskningsinstituttet, Norsk Fiskerihøgskole, Norsk Institutt for fiskeri- og havbruksforskning, Universitetet i Bergen, Norges Landbrukshøgskole.

### **Generelle merknader**

Av grunneigarane som har uttalt seg generelt om vernet, er nokre for og nokre mot vern av området. Dei som er for uttaler at vernet ikkje må hindre ei rasjonell drift av garden.

Nærøy Vel går mot vern av området.

Vossestrand Bondelag ber om at det vert tilført ressursar slik at pleie og sikring av det biologiske mangfaldet kan sikrast så godt som mogleg. Bondelaget er oppteken av at dei som driv landbruk i området ikkje vert påført økonomiske ulemper. Det vert peika på anorthositt-ressursane i området.

Samstyret for Bondelaga i Voss meiner det vert teke lite omsyn til landbruket sine næringsinteresser. Samstyret er opptatt av at vern ikkje må stå i vegen for ei naturleg utvikling innan landbruksnæringa.

Voss Bonde- og småbrukarlag er positiv til verneframlegget, men meiner det er viktig at ein støtter opp under den aktive landbruksdrifta som ligg til grunn for busetnad og næringsverksemd i tilknytning til verneområdet. Fallrettane i området bør stå ved lag.

Hordaland Bondelag krev at verneplanen ikkje må føre til redusert råderett over grunneigarane sine naturressursar, og grunneigarane må få økonomisk kompensasjon for tap av evt. bandlagde ressursar. Bondelaget gjer framlegg om at fallrettane i fossane bør sikrast for grunneigarane.

Voss naturvernlag, Sogn og Fjordane Turlag, og Naturvernforbundet i Hordaland og i Sogn og Fjordane er svært positive til verneframlegget.

Voss og omland Forsvarsforening ber om at skytefeltet til Forsvaret ikkje vert redusert eller bandlagt.

Hordaland og Bergen reiselivsråd slår fast at det er samanfallande interesser mellom verne- og reiselivsinteressene på vesentlege punkt i verneframlegget.

Universitetet i Bergen uttaler at området har naturkvalitetar og kulturhistoriske element av sær stor verdi, og meiner det må drivast skjøtsel i viktige område.

Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane ber om at verneplanen vert utforma slik at ein både tek vare på naturkvalitetane og at landbruksdrifta kan halde fram.

?? Fylkesmannen diskuterer også i sine merknader utnytting av anortositt i reiseteknologi for å binde CO<sub>2</sub>, og vurderer denne prosessen som ein økonomisk og miljømessig ugunstig prosess.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner naturkvalitetane i området må takast vare på samstundes som det vert lagt til rette for at landbruksdrifta kan halde fram. Fylkeskommunen har også merknader til grense og forskrift.

Landbruksdepartementet uttaler at det er viktig at aktiv landbruksdrift kan halde fram i området, og er positiv til at det blir fokusert mykje på kulturlandskap og landbruksdrift i planframlegget.

Den Norske Turistforening støtter at landskapsvernområdet vert oppretta, men meiner også at det er avgjerande at det vert lagt til rette for at gardsbruka kan halde fram med drifta, m.a. er det naudsynt med midlar til aktiv skjøtsel av kulturlandskapet.

Havforskningsinstituttet har merka seg at verneframlegget ikkje inneheld vurderingar av konsekvensar for evt. framtidig havbruksverksemd.

Norges Fiskarlag tviler på om det er tatt nok omsyn til hovudprinsippa i St. meld. nr. 43 (1998-99) når det gjeld sjø eller område som grenser til sjø. Norges Fiskarlag tviler også på om fiskarorganisasjonar på fylkesnivå og fiskeridministrasjonen i Hordaland har hatt saka på høyring, og kan ikkje sjå at konsekvensane for fiske er vurdert i verneframlegget.

Det Kgl. Selskap For Norges Vel meiner vern av eit kulturlandskap best kan skje gjennom aktiv og tilpassa landbruksdrift.

Norges Naturvernforbund, Samarbeidsrådet for biologisk mangfold – SABIMA og Norsk Biologforening er svært glade for verneframlegget. Dei meiner storskala bergverksdrift ikkje let seg sameine med å ta vare på verneverdiane i området, og at eventuell uttransport av store mengder anorthositt ikkje må skje gjennom Nærøyfjorden.

Friluftslivets fellesorganisasjon og Friluftsrådernes Landsforbund støtter verneframlegget.

~~1.1~~ DN viser til at høyringsinstansane i det vesentlige er positive til at området vert verna, men at det av fleire også vert framheva at ressursane i området må kunne nyttast i framtida.

~~1.2~~

~~1.3~~ DN er samd i at tradisjonell utmarksbruk i riktig omfang er det beste tiltaket for skjøtsel av kulturlandskapet det her er tale om, og syner til at verneforma opnar for at tradisjonell drift av kulturlandskapet kan halde fram.

Miljøverndepartementet sluttar seg til DN sine merknader.

#### **Merknader til verneform:**

Norges Landbrukshøgskole (NLH) finn det uheldig at landskapsvern er vald som verneform på heile området, når partier kvalifiserer til sterkare vern. NLH meiner det er avgjerande for å ta vare på verneverdiane at det aldri vert bergverksdrift i området.

#### **Merknader til avgrensing:**

Voss kommune, Fylkeslandbruksstyret i Hordaland, fleire grunneigarar og deira organisasjonar har peika på skogområde og område med dyrka mark/innmark innfor verneforslaget, og dei meiner slike område må takast ut av planforslaget. Kommunen rår også til at grensa for Mjølfjell skytefelt mot Øvsthusdalen vert i samsvar med kommuneplanen for Voss.

Fleire grunneigarar ønskjer at dyrka mark skal haldast utanfor.

Fleire grunneigarar og Voss Bondelag ønskjer grenseendring slik at uttak av anorthosittforekomsten ikkje vert hindra.

To grunneigarar ønskjer grenseendring ved Stalheimsfossen og Sivlefossen for å kunne byggje minikraftverk.

Grunneigarar uttaler at verneplanen ikkje må hindre nybygging og utbetring av veg frå Holmen til Jordalen, og har framlegg til grenseendring rundt stølar i Slettedalen.

Grunneigarane på Bakka foreslår å flytte grensa frå Tangskredgrovi til Høyskreda.

Grunneigarar forslår grenseendringar i Dyrdal m.a. for å ta ut furuskogsområde og for å få flytta grensa høgare opp i dalsida.

Vik kommune, Grunneigarar i Fresvik og Fresvik bondelag foreslår ei grenseendring i Storedalen slik at sjølve dalen ikkje vert med i landskapsvernområdet.

To grunneigarar har i tillegg merknader til grensetrekkinga ned mot Flåmselva.

Fleire grunneigarar foreslår grenseendringar i området Nærøydalen-Gudvangen m.a. for å ta ut innmark, aktuelle nydyrkingsområde og granplantefelt, og for å kunne ta ut stein og grus.

**Formatert:** Punktmerking og nummerering

Voss Bonde- og småbrukarlag peikar på areal med sand som kan nyttast.

Hordaland Bondelag har i tillegg gjort framlegg om grensejusteringar for å ta ut Jordalsvegen.

Forsvarets bygningsteneste Region Sør- og Vestlandet meiner grensa i Hordaland bør gå på nordsida av Øvsthusdalen slik at det vert høve til å utvide sikringssona/farleg område. I uttalen vert det peika på at sikringssona i praksis oppfyller verneføremålet. Dei meiner meiner avgrensinga mot sikringssona for Mjølfjell skyte- og øvingsfelt vil kunne få dramatiske konsekvensar for den verksemda Forsvaret driv i Mjølfjell, og foreslår å trekke grensa slik at ho går utafor sikringssona.

Bergen Turlag støtter i hovudsak framlegget til avgrensing, men meiner likevel av omsyn til villreintrekket, at grensa burde vært utvida mot statsalmenningen i sør.

Beite- og bruksrettshavarar i Flåm foreslår at grensa vert trekt slik at det vert mogleg å laga køyrbar veg til ein støl.

Aurland Sau- og Geitlagslag meiner òg at Flåmsbøndene må sikrast trygg veg fram til fjellområda sine.

Underdal grunneigarlag har forslag om grenseendringar for å ta ut innmark og dyrkbare område.

Bergvesenet foreslår å trekke grensa utafor kjende førekomstar av anorthosittbergartar som ligg i Hyllandsfeltet og Øvsthusfeltet og med tilstrekkeleg areal ikring, samt område rundt Jordalsnuten og Glashammaren i Nærøydalen der det i dag er drift.

Fylkesmannen i Hordaland tilrår å halde på framlegget til grense i høve til mineralressursane i området (sjå også fylkesmannen sine kommentarar under ”mineralutvinning, vasskraft”).

Fylkesmannen i Hordaland peiker på at det er jevnleg trekk av villrein over Gravhalsen sør for verneframlegget. Denne viktige korridoren mellom Nordfjella villreinområde og Undredals-halvøya er foreslått sikra gjennom ein interkommunal villreinplan for Nordfjella som no er godkjend.

Fjellområdet mellom Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er ein særskild viktig del av verneframlegget for å få med heilskapen i fjordlandskapet. Området har i tillegg rike opplevingskvalitetar i kultur- og natursamanheng. På grunn av topografien og Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt, er det fleire stader vanskeleg å ta seg inn i området. Det er derfor spesielt viktig å sikre dei to viktigaste innfallsportane til landskapsvernområdet. Framlegg til grense i Øvsthusdalen er i hovudsak lagt slik at denne viktigaste oppgangen inn i landskapsvernområdet vert sikra.

Stien via Ljosandalen og Grånosmyrane er den andre viktige oppgangen frå Hordaland-sida. I dalbotnen øst for Säteggi, i området rundt Elvamot er det rike våtmarksområder og desse representerer ein av dei viktigaste biotopane for fuglelivet innanfor planframlegget. Vasskiljet er med å danne ei naturleg grense i dette området.

Fleire har i høyringa framlegg om grensejusteringar i dei nemnte områda på bakgrunn av mineralressursar, konflikt med Forsvaret sitt skytefelt og skogbruksinteresser. Desse interessene må difor vurderast både særskilt og samla ut frå verneformålet.

Fylkesmannen i Hordaland meiner Øvshusdalen har rike landskapsmessige kvalitetar, og ønskjer at heilskapen i dalføret vert sikra mot større inngrep. Fylkesmannen rår derfor til at drift av skog innanfor verneframlegget i nedre del av Øvsthusdalen, vert løyst ved å endre verneforskrifta framfor å justere grensa.

Når det gjeld tilhøvet til Mjølfjell skytefelt, tilrår Fylkesmannen i Hordaland grenseendringar i Øvsthusdalen og øvst i Rjoandalen slik at sikringsområdet for skytefeltet kjem utanfor verneområdet. Fylkesmannen meiner ei eventuell utviding av skyte- og øvingsfeltet vil vere i konflikt med verneføremålet.

Fylkesmannen peiker på at Stalheimsfossen og Sivlefossen er særst viktige for opplevingsverdien av landskapet kring Stalheim, og fossane pregar i stor grad botnen av fjordlandskapet. Inngrep i Stalheims- og Brekkedalselva som i vesentleg grad reduserer vassføringstilhøva, kan redusere opplevingsverdien og heilskapen i dette området. Område tilplanta med gran i Stalheimsområdet er ein del av ein større landskapsmessig heilskap med store kvartærgeologiske og landskapsmessige verdiar.

Fylkesmannen tilrår mindre grensejusteringar ved Stalheim/Sivlefossen for å ta ut dyrka mark. Fylkesmannen peiker på at området rundt Stalheimskleivane er viktig i reiselivssamanheng, og tilrår ei mindre grenseendring i botnen av Stalheimskleivane for å imøtekoma ønsket om tilrettelegging for turisme. Ut frå dei store verdiane i Stalheimsområdet vil ikkje fylkesmannen tilrår fleire grenseendringar i her. Fylkesmannen rår heller til at verneforskrifta endrast med omsyn til flatehogst (jf merknadene til verneforskrifta). Eventuelle planar for bygging av mikrokraftverk vil bli eit dispensasjonsspørsmål der vurdering av føremålet med landskapsvernområdet vil vere sentralt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peiker på at området med sikringssona for Mjølfjell skytefelt inneheld eit myr- og våtmarksområde som heng saman med Grånosmyrane naturreservat, og tufter etter stølar. Arealavgrensinga i høyringsframlegget er trekt slik at heile dette myr- og våtmarksområde vert inkludert og at grensa følgjer naturlege topografiske grenser. Fylkesmannen tilrår at høyringsframlegget vert oppretthalde i dette området, og at det vert teke inn eit ekstra punkt i verneforskrifta som gir Forsvaret høve til å bruke dette området som sikringsone. Det må gjennomførast mindre grensejusteringar slik at Grånosmyrane naturreservat og landskapsvernområdet får samanfallande grensepunkt.

Nærøyfjorden landskapsvernområde, saman med delar av landskapet ikring, er foreslått tatt inn på den internasjonale verdsarvlista (UNESCO sin «World Heritage List»), noko som viser at kultur- og naturverdiane i området er særskilt store også internasjonalt. Av liknande fjordlandskap elles i verda, skil det norske fjordlandskapet seg ut ved også å vere eit særprega kulturlandskap, og Nærøyfjorden med landskapet ikring er rekna mellom det mest storslåtte i Noreg. Fylkesmannen meiner Nærøydalen og dalbotnen som endar ved Stalheim, utgjer ein vesentleg del av fjordlandskapet ved at det er ei forlenging av Nærøyfjorden. Ei avgrensing av verneplanen slik at desse områda fell ut, vil gripe inn i «hjartet» av verneverdiane. Fylkesmannen er av den oppfatning at det ikkje er mogleg å sikre desse verneverdiane i ein kombinasjon med storskala bergverksdrift.

Den inste delen av Nærøyfjorden utgjer kanskje den mest dramatiske delen av landskapsvernområdet fordi fjorden er så smal, og inngrep/tiltak i fjordsidene blir godt synlege. Verneforskrifta opnar for landbrukstiltak som ikkje vil gje store inngrep i terrenget. Bygging av mjølkeplass på Stølsneset har vore omtalt i planprosessen. Med ei god utforming av dette



tiltaket kan dette vere med på å styrke føremålet med vernet. Eventuell rassikring bør sjåast i samanheng med resten av kommunedelplanen for rassikring av fylkesvegen mellom Gudvangen-Bakka.

Fylkesmannen vil ikkje tilrå ei endring av grensa for Bakka.

Fylkesmannen peiker på at det ikkje går konkret fram i høyringsfråsegna kva som er grunngevinga for forslaget om å flytte grensa på Bakka, men går ut ifrå kjennskap til området at det gjeld landbrukstiltak og rassikring.

Furuskogsteigane som er omtalt i Dyrdal utgjer om lag 400 dekar og boniteten varierer frå låg til høg. Bruken som er skissert for furuskogteigane er forsiktig uttak til reparering av bygningar i Dyrdal. Slik verneforskrifta er utforma er det ikkje restriksjonar på plukkhogst. Fylkesmannen ønskjer ikkje å endre grensa, men tilrå ei endring av verneforskrifta der ein opnar for hogst opp til fem dekar samanhengande flater. Forslaget om å flytte grensa høgare opp i dalsidene vil føre til at ein nesten ikkje får med kulturlandskapet i Dyrdal. Etter som ein viktig del av føremåla med vernet er å ta vare på kulturlandskapet, meiner fylkesmannen dette er uheldig og tilrå ikkje ei slik grenseendring.

Fylkesmannen peiker på at Storedalen er majestetisk i sin U-utforming og saman med Tundalen utgjer desse to typiske isbreutforma dalar som går inn mot Fresvikbreen. Begge dalane dannar inngangsporter til fjellområdet, og Storedalen er mykje nytta til ettermiddags- og kveldsturar. Dei fleste tiltaka som er nemnt som grunngeving for å halde Storedalen utafør landskapsvernområdet, er anten tillate i framlegget til forskrift eller vert tilrådd som endringar av fylkesmannen. Fylkesmannen finn difor ikkje grunn til å endre grensene i dette området.

Fylkesmannen meiner ein veg opp til den omtalte stølen i Flåm vil bli godt synleg ved to særmerkte landskapselement. Desse elementa er noko av bakgrunnen for at verneforslaget er trekt ned i Flåmsdalen på denne sida. Fylkesmannen kan difor ikkje tilrå ei grenseendring i dette området, men ser ingen problem med at det vert rydda ein sti slik at sauen kan buførast fram til stølen. Fylkesmannen peiker også på at dersom det utan vesentlege terrenginngrep kan førast fram ei enkel traktorløype, så er dette eit tiltak som det etter verneforskrifta kan dispenserast for.

Ved Rokken der grenseframlegget går langs Flåmselva, er delar av arealet ved elva tidlegare dyrka. Grunneigarane har konkrete planar om nydyrking i dette området. Fylkesmannen tilrå her ei grensejustering slik at grensa vert trekt tilbake frå elva. For resten av området i Flåm vert høyringsframlegget oppretthalde.

Fylkesmannen tilrå ei grenseendring i Underdal slik at den omtalte innmarka og det arealet der det er planar om nydyrking vert halde utanfor landskapsvernområdet.

Fylkesmennene viser til at grenseframlegget i Nærøydalen i hovudsak følgjer skilje mellom innmark (den flate dalbotnen) og utmark (starten på dalsidene). Dette er eit grenseframlegg som inkluderer heile rasvifter, urer og lauvskogslir. Med eit slikt grenseframlegg blei òg mindre delar av innmarka, aktuelle nydyrkingsområde og granplantefelt inkludert.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilrå mindre grenseendringar i Nærøydalen for å trekkje grensa vekk frå innmark. Fylkesmannen tilrå også ei mindre endring for å ta ut eit lauvskogområde med nyplanta gran. Fylkesmannen peiker på at urene er dominerande landskapstrekk i Nærøydalen, og at det derfor er ynskjeleg å kunne ta vare på fleire av desse

utan at dei vert øydelagde frå nedkanten gjennom uttak av stein. Fylkesmannen meiner likevel at dei tilrådde grenseendringane imøtekjem dei fleste av behova for å ta ut stein, sand og grus.

Fylkesmannen i Hordaland tilrår ei mindre grensendring ved garden Sivlesøyni (i Nærøydalen) av omsyn til innmark og uttak av sand og stein.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at anorthosittførekomstane ved Hylland og sjøareala vert trekt ut av verneplanen, og at grensene blir trekt utanfor innmark og dyrkbart areal.

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at verneområdet vert innskrenka og vernegrensa endra i det minste i samsvar med fylkesmennene sine tilrådingar.

Riksantikvaren (RA) meiner sikringssona for Mjølfjell skytefelt bør inngå i verneområdet for å sikre kulturminna om Forsvaret skulle trekke seg ut av området. Av omsyn til kulturverdiane ønskjer ikkje RA at det vert gjort vesentlege grensejusteringar i høve til mogleg framtidig bergverksdrift

Norges geologiske undersøkelse, Bergvesenet og Prosessindustriens Landsforening peiker på at den store anortosittførekomsten er ein nasjonal ressurs, og at nærare 50 km<sup>2</sup> av framlegget til verneområde øvst i Nærøydalen bør takast ut. Bergvesenet peiker også på dagens underjordiske drift i Jordalsnuten som grunn for framlegget til grenseendring. Bergvesenet meiner at det alternativt til grenseendring må gjerast ei konsekvensutgreiing for tydinga vern får for mineralutnytting.

Norsk institutt for vannforskning meiner det er vesentleg at sjølve Nærøyfjorden vert ein del av verneområdet.

Forsvarets bygningstjeneste (FBT) viser til eksisterande og framtidig bruk av Mjølfjell skytefelt, og kan ikkje akseptere at sikringssona for feltet kjem innanfor grensa for verneområdet i Sogn og Fjordane. FBT gjer også merksam på at framtidig bruk av skytefeltet kan føre til at sikringssona må utvidast.

Den Norske Turistforening (DNT) går sterkt i mot at grensene mot skytefeltet blir endra som Forsvaret ønskjer. DNT viser til dei store verneverdiane i området og åttvarar på det sterkaste mot grenseendringar for framtidig gruve drift.

Norges Landbrukshøgskole meiner så store areal som mogleg bør sikrast opp mot eksisterande skytefelt.

Norges Fiskarlag tilrår at verneområdet ikkje inkluderer sjøområde.

Norges Naturvernforbund og SABIMA går inn for at grensa mot skytefeltet blir som i høyringsframlegget. Norges Naturvernforbund går elles inn for at verneforskrifta opnar for at Forsvaret kan halde fram med å nytte områda som sikringssoner framfor ei grenseendring mot skytefeltet.

Norsk Biologforening meiner avgrensinga mot skytefeltet i Sogn og Fjordane må bli slik fylkesmannen foreslår.

DN har etter høringa hatt dialog med Forsvarets bygningsteneste (FBT). FBT ønskjer primært ei grenseendring for å ta sikringssona ut frå verneområdet, men kan sekundært akseptere at grensa vert som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilrår med ei mindre endring i forskrifta (sjå under merknadene til verneforskrift). DN peiker på at det aktuelle området inngår som ein viktig del av den landskapsmessige og økologiske heilskapen i denne delen av verneområdet. DN meiner at landskapsvernområdet ikkje vil innebere noko realitetsendring for Forsvaret sin bruk av sikringssona, og rår til at grensa følgjer fylkesmennene sin tilråding mot skytefeltet. DN har endra forskrifta som føreslege av FBT. Ei eventuell utviding av sikkerhetssona inn i verneområdet må vurderast opp mot verneverdiane i området.

DN går inn for å endre grensa ved Ramsøy slik at det vert mogleg å bygge utskipingshall for utvinning av anorthosittressursen. Grensa blir flytta om lag 400 m nordover og omlag 50 m opp i lia.

Hovudføremålet med vernet er å ta vare på eit fjordlandskap. DN meiner at også sjøareala inngår som ein naturleg del i dette landskapet, særleg med tanke på at verneområdet omfattar begge sider av fjordarmane. DN går derfor inn for at det aktuelle sjøarealet blir med i verneområdet.

DN sluttar seg elles til fylkesmennene sine vurderingar og tilrådingar.

Miljøverndepartementet sluttar seg til DN si tilråding.

#### **Merknader til forskriftene for landskapsvernområdet:**

##### **Verneføremålet**

**1.4** Den Norske Turistforening og Friluftsrådene Landsforbund ønskjer at friluftslivet blir ein del av verneføremålet.

**Formatert:** Punktmerking og nummerering

DN peiker på at landskapsvernområder som regel har stor verdi for friluftslivet. Det er likevel ikkje høve til å ta inn friluftsliv som eit eige føremål med opprettinga av landskapsvernområde. DN viser til forarbeida til naturvernlova, der friluftslivet vart stroke som eit eige føremål ved oppretting av landskapsvernområde. Det er likevel ikkje slik at vern er til hinder for utøving av tradisjonelt friluftsliv.

Miljøverndepartementet vil streke under at landskapsvernområdet vil sikre friluftslivsinteressene og dei landskapskvalitetane som er viktig for friluftslivet.

##### **Mineralutvinning, vasskraft**

Voss kommune er oppteken av at verneområdet ikkje legg hindringar i vegen for ei rasjonell utnytting av anorthositten i området. Kommunen uttaler at arbeidet med verneplanen bør utsettast i nokre år slik at bruken av anorthositten kan klargjerast gjennom forskning.

Fylkesmannen i Hordaland meiner eit dagbrot for å ta ut anorthositten i området heilt klårt vil vere i strid med verneføremålet, også i randområda. Uttransport av store mengder materiale gjennom det tronge fjordlandskapet vil også vanskeleg sameinast med verneføremålet. Fylkesmannen viser til at området er tatt inn på den internasjonale verdsarvlista, noko som viser at verneverdiane er særskilt store også internasjonalt. I høve til mineralressursane i området tilrår fylkesmannen å halde på framlegget som vart send på høyring.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at landskapsvernområdet blir utforma på ein slik måte at det store industripotensialet ein har i anorthosittførekomstane i fjellområdet kan bli utnytta. Uttak, foredling og transport av industrimineral må likevel skje utan at naturkvalitetane og reiselivsinteressene i området vert skadelidande.

Norges geologiske undersøkelse (NGU) og Prosessindustriens Landsforening (PIL) meiner det bør gjennomførast ei konsekvensutgreiing for delar av området der landskapsvern, turisme og mineralressursuttak vert sentrale problemstillingar, og at bruken av arealet vert avgjort på bakgrunn av dette. NGU og PIL ber om at dersom ein ikkje kan vente på ei slik utreiing, bør grenser og verneforskrifter utformast slik at det reelt ikkje vert tatt stilling til spørsmålet om omfattande bergindustri i området i denne omgang.

Voss Bonde- og småbrukarlag meiner det bør kunne byggast små kraftverk i tilknytning til busetnaden i området, og det må vere opning for å kunne drive lukka bergverk i nye område.

Voss naturvernlag uttaler at det er viktig at forskrifta handhevast restriktivt for nye type aktivitetar, m.a. utvinning og utskipping av anorthositt. Naturvernlaget meiner det bør takast høgde for minikraftverk.

Fylkesmannen i Hordaland viser til at det er høve til småskala bergverksdrift i tunnel under verneområdet når uttak skjer frå utsida av verneområdet. Fylkesmannen tilrår å halde på framlegget til verneforskrift i høve til mineralressursane i området.

Hordaland fylkeskommune ser positivt på arbeidet som er gjort med verneplanen, men meiner at uttak av anorthositt i og i randområda til landskapsvernområdet som småskala tunneldrift, må vurderast i kvart einskilde høve.

Fylkesmannen peiker på at om forvaltningsstyresmakta skal ta stilling til eventuell kraftutbygging, må dette vurderast opp mot verneføremålet. Innanfor landskapsvernområdet må det påreknast streng vurdering med omsyn til dei allmenne interesse som er omfatta av verneføremålet.

SABIMA meiner verneforskrifta må handhevast strengt i høve til alle former for utvinning, også minikraftverk og vassdragsutbygging.

Norske Sivilingeniørers Forening ber om at grunneigarar/rettshavarar og fagstyresmakter samarbeider om å finne løysingar som tar vare på verdiane anorthosittførekomsten representerer.

Institutt for energiteknikk uttaler at det er svært viktig at landskapsvernområdet utformast slik at det blir mogleg å ta ut anorthosittressursen for industriell bruk.

DN meiner at uttak av mineralressursane i området ved dagbrot ikkje kan sameinast med vern som landskapsvernområde. Etter DN si vurdering må evt. bergverksdrift løysast gjennom underjordisk drift med innslagspunkt utanfor verneområdet.

DN viser til at ein rapport frå NGU (rapport 98.150) peikar på at utskipping gjennom Nærøyfjorden er den mest aktuelle løysinga for framtidig utvinning av anorthositten. Ei løysing med utskipping som inneber tunnel til Framfjorden er også diskutert.

Bygging av bergrom ved Ramsøy utafor Gudvangen og utskipping gjennom Nærøyfjorden er lansert som den mest aktuelle løysinga for framtidig utvinning av anorthositten av selskapet Luna Mineral.

Bygging av ein utskipingshall i fjellet og trafikk på Nærøyfjorden av store lasteskip, inneber eit inngrep og visuell påverknad i landskapet. I avveginga mellom verneverdiane og dei store ressursane anorthositten representerer, er dette likevel ei akseptabel løysing etter DN si meining. DN reknar med at området sin verdsarvstatus ikkje vert endra med eit slikt inngrep. Ut frå dette går DN inn for ei løysing som gjer det mogleg å utvinne anorthositten basert på transport ut Nærøyfjorden.

Av omsyn til dei store verneverdiane som vert rørte ved ei løysing med transport ut Nærøyfjorden, meiner DN at tunnel til Framfjorden i staden for Ramsøy og med utskipping frå Framfjorden, må vurderast som alternativ før det vert teke endeleg avgjerd om korleis utfrakting av anorthositt skal skje.

I samband med ei eventuell framtidig underjordisk bergverksdrift, har DN endra forskrifta slik at det kan gjevast løyve til naudsynte luftesjakter. DN viser også til merknadene frå Fylkesmannen i Hordaland under punktet ”Merknader til grenseframlegget”.

Miljøverndepartementet har forståing for at ein ønskjer å utnytte dei verdiane som anorthosittforekomstane representerer. MD vil peike på at ein i det forslaget som no ligg føre har funne ei likevekt mellom vern og bergverksdrift. Elles sluttar MD seg til DN sine merknader.

I samband med førelegging av saken for departementa, saknar Nærings- og handelsdepartementet ein konsekvensutgreiing m.o.t. dei konsekvensar vern kan få for bergverksdrifta. I samband med den sentrale høringa meinte Prosessindustriens Landsforeining og Norges geologiske undersøking at det burde gjennomførast ei konsekvensutgreiing.

Ved behandlinga av nasjonalparkmeldinga i Stortinget i 1993 blei det bedt om at KU skulle gjennomførast for store verneområder. I mangel på forskrift etter PBL som dekket dette, utarbeidde MD i 1994 ei rettleiing som sa at KU skulle gjennomførast for vernetiltak over 500 km<sup>2</sup> dersom ein rekna med at det ville ha store konsekvensar for noverande primærnæringar eller lokalt reiseliv.

Nærøyfjorden blei vurdert etter denne forskrifta og det blei ikkje vurdert som nødvendig med KU. Ny forskrift om KU kom først i 1997 (revidert i 1999). Den seier at KU skal gjennomførast for alle vernetiltak over 500 km<sup>2</sup> og for vernetiltak over 250 km<sup>2</sup> dersom ein rekna med at det ville ha store konsekvensar for primærnæringar eller lokalt reiseliv. Etter denne forskrifta skulle altså Nærøyfjorden hatt KU, men forskrifta blei ikkje gitt tilbakeverkande kraft.

Fylkesmannen og DN har likevel vurdert konsekvensar av vern som ein del av ordinær saksbehandling og hatt nær kontakt med m.a. Luna mineral og Aurland kommune om anorthosittforekomstene i Nærøydalen og funnet løysingar i avgrensing og forskrift som partane er fornøgde med.

Det ligg òg føre ein rapport frå NGU (rapport 98.150) som m.a. drøfter saka. Rapporten har vore svært nyttig som del av avgjerdsgrunnlaget i verneprosessen, sjølv om den ikkje formelt er ein KU. Luna mineral og fylkesgeologen i Sogn og Fjordane har dessutan hatt møte med MD om denne saka, der dei sa seg godt nøgd med utkastet til verneplan.

For å sikre at anorthosittressursane skal kunne bli kartlagde, har MD tatt inn i forskrifta at prøveboring kan gjennomførast etter søknad til vernestyresmaktene.

Etter MD si oppfatning er omsynet til bergverksinteressene med dette tilstrekkelig vurdert. Det er i verneprosessen tatt omsyn til at utvinning av anorthositt kan bli ein viktig næringsveg for lokalsamfunna i regionen. Vernet er derfor tilpassa desse behov slik at det ikkje vil være til hinder for økonomisk drift innafør dei rammene som underjordisk drift og verneformålet setter.

### **Landbruksdrift, beite, byggjetiltak, vegbygging**

Aurland kommune uttaler at bygging av vegar og nydyrking er tiltak som må strykast frå oppramsinga av døme på tiltak som er forbode. Kommunane ønskjer at setninga ”Drift på eksisterande gardsbruk og innmarksteigar” vert endra til ”Drift av gardsbruka”, og at vedlikehaldsarbeid i området skal ta utgangspunkt i *lokal* byggeskikk i staden for *tradisjonell* byggeskikk. Kommunen vil også at beiting, rydding av beite, slått og lauving skal kunne utførast sjølv om dette ikkje er i tråd med verneformålet. Kommunen meiner tilrettelegging av traktorløyper ikkje må avgrensast til enkle løyper. Kommunen ber elles om at den alternative forskrifta som er utarbeidd følgjer saka fram til endeleg handsaming.

Vik kommune og fleire grunneigarar foreslår at forskrifta ikkje må vere til hinder for å setje opp gjerde.

Vik kommune og fleire grunneigarar foreslår at det må vere høve til å byggje køyreløype i Storedalen, og at det må vere høve til å setje opp bygningar i samband med husdyrhald og gardsturisme.

To grunneigarar meiner gjødsling og sprøyting med kjemiske middel er tiltak som må strykast frå oppramsinga av døme på tiltak som er forbode.

Fire grunneigarar foreslår at det vert opna for uttak av sand, grus og stein.

Grunneigarar ønskjer å opne for rasoverbygg på vegen ut til Bakka.

Fleire grunneigarar foreslår at det ikkje må vere krav om å søkje om løyve for å ta opp att drifta på nedlagde gardar og stølar, og forslag om at det må vere høve til å setje opp att høyløyer og kaier.

Vossestrand Sau og geitalslag meiner planen ikkje må hindre nybygging og utbetring av veg.

Aurland Sau og Geitalslag uttaler at regelverket ikkje må vere til hinder for tradisjonelt landbruk.

Fresvik bondelag foreslår at det vert gjeve løyve til traktorløype til bruk vinterstid inn Storedalen.

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland uttaler at verneforskrifta i all hovudsak ivaretek landbruket sine interesser, men peiker likevel på at det i framtida kan verte auka trong til utnytting av beiteområda, og at tilrettelegging for tilkomst til naudsynt areal ikkje må hindrast av vernereglane.

Statens vegvesen, Hordaland vegkontor peiker på planar for opprusting av ei strekning av E16, og at dette vil føre til inngrep utover eksisterande vegareal.

Voss naturvernlag meiner forskrifta ikkje bør hindra små løypestrengar og kalking mot forsuring.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at fleire av innspela som har kome til forskrifts- endring, ikkje vil vere aktuelle dersom grensene vert endra slik fylkesmannen har tilrådd.

I eit dal- og fjordlandskap vil bygging av vegar vere godt synlege og mange stader vere med å endre landskapsinntrykket. For å imøtekome trongen for å bruke traktor i utmark i beitebruk- og skogsamanheng, er det opning for å kunne gje løyve til enkle traktorløyper.

Dei største trugsmåla mot kulturlandskapet i dag ser ut til å vere attgroing og fråflytting. Nydyrking med lukking av bekker, riving av steingjerde, endring av teigstrukturen og drenering av myrar vil også vere eit trugsmål for kulturlandskapet. Forvaltningsstyresmakt kan gi løyve til endra bruksformer i landbruket, noko som òg kan gjelde nydyrking.

Eit viktig føremål med vernet er kulturlandskapet, og eit av dei etter kvart sjeldne innslaga i dette landskapet er dei blomsterrike engene. Kunstgjødsel fører til mindre artsmangfald i engene. Kjemiske sprøytemiddel vert i noko mon nytta til å rydde underskog ved nyplanting av skog. Det er usemje om kva konsekvensar dette har for mangfaldet i skogen. Fylkesmannen har delvis imøtekome lokale ynskje ved å ha eit forbod mot kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark.

Det har vore litt ulik tolking av kva omgrepet gardsbruk omfattar. I høyringsforslaget har fylkesmannen meint gardshusa og innmarka som ligg heilt inntil. Nokre høyringsinstansar har peikt på at *gardsbruk* må tolkast som også å omfatte utmark og stølar. For å unngå mistydingar rår fylkesmannen til at dette punktet i forskrifta vert endra slik at det går fram at det er landbruksdrift på innmarka, med påståande bygningar, som verneforskrifta gjev eit generelt unntak for.

Verneformålet slår fast at det er eit landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og eit kulturlandskap som skal takast vare på. Beiting, rydding av beite, slått og lauving er i all hovudsak aktivitetar som styrker kulturlandskapet. Fylkesmannen meiner ordlyden ”*når dette ikkje strir mot verneformålet*” i forskriftspunktet bør bli ståande fordi det er teke med for å signalisere at til dømes rydding av beite som fjernar særmerkte tre eller som fjernar steingjerde eller terrasseoppbygging, er tiltak som ikkje kan sameinast med verneformålet.

**1.4.1.1.1** Til forslaget om å endre ordlyden frå ”...tradisjonell...” til ”...lokal...” byggeskikk viser fylkesmannen til omtala av omgrepa i Nynorskordboka, og fylkesmannen tilrår at ein brukar formuleringa ”tradisjonell byggeskikk på staden”. Denne formuleringa vert brukt i andre verneforskrifter og ein får her med både eit historisk og eit lokalt (stadbunde) aspekt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peiker på at rasoverbygg på vegen ut til Bakka må sjåast i samanheng med kommunalt utarbeidd plan for utbetring av fylkesveg 241 mellom Gudvangen og Bakka, noko som forskrifta opnar for.

Ei viktig grunngeving for ikkje å opne for oppsetting av gjerde innafor landskapsvernområde utan søknad, er å hindre at det blir sett opp gjerde rundt stølshusa/hyttene. I samband med

**Formatert:** Punktmerking og nummerering

beitedrift, for å unngå skorfeste og for å kunne samle beitedyra tilrår fylkesmannen at det vert gjeve eit generelt unntak for gjerding.

Det har kome forslag om at det ikkje må vere krav om særskild løyve for å ta opp att drift på nedlagde stølar og gardsbruk. For å følgje opp verneformålet vil det i hovudsak vere ynskjeleg om drifta vert teken opp att på fleire stølar og gardsbruk. Slike tiltak vil truleg krevje restaurering av bygningar og kanskje oppføring av nye hus, noko som krev byggjemelding/byggesøknad etter plan- og bygningslova. Innafor eit landskapsvernområde er det viktig at slike tiltak vert sett i samanheng med landskapet og eksisterande bygningar og at tiltaka får ei god utforming. Rådgeving frå arkitektkunnige og landbruksforvaltninga kan vere viktig i samband med utforming av ein (drifts)plan for slike tiltak. Fylkesmannen tilrår at verneforskrifta ikkje vert endra på dette punktet.

Fylkesmannen peiker på at det kan gjevast løyve til oppføring av bygningar i samband med landbruk. Bygningar i gardsturismesamanheng kjem ikkje inn under omgrepet landbruksbygningar (jf. plan- og bygningslova).

Verneforskrifta opnar for at det kan gjevast løyve til tilrettelegging av enkle traktorløyper. Det kan stillast som vilkår at traktorløypene berre skal vere i bruk i ein eller to sesongar for uttak av tømmer/ved. Fylkesmannen vil halde fast på at dette skal vere *enkle* traktorløyper, dvs løyper som ikkje krev anleggsarbeid slik at dei kan skiljast frå det som vert definert inn i klasse landbruksveg (jf. forskrift om veier for landbruksformål av 01.10.97).

**1.4.1.1.3** Fylkesmannen rår til at det vert tatt inn eit nytt punkt som opnar for gjennomføring av militær øving i felles sone mellom landskapsvernområdet og Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

**Formatert:** Punktmerking og nummerering

Dei høyringsfråsegnene som foreslår å opne for uttak av sand, grus og stein gjeld Nærøydalen. Her har fylkesmennene tilrådd endring av grensa som gjer at dei fleste aktuelle områda for uttak av sand, grus og stein kjem utafor landskapsvernområdet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det må vere mogleg å gjennomføre naudsynt sikring mot ras og skade frå elva ved uttak av steinmassar. Fylkeskommunen ber også om at oppsyn, vedlikehald og rehabilitering av skred- og flaumsikringstiltak vert med i verneforskriften.

Landbruksdepartementet meiner det må opnast for at det kan gjerast bruksendringar av eksisterande bygningar.

Riksantikvaren foreslår at det vert tatt inn i forskrifta at det skal nyttast tradisjonelle stadeigne materialar til vedlikehaldsarbeid av bygningar og liknande. RA ber også om at det vert tatt inn i forskrifta at nybygging og byggjetiltak på/riving av eksisterande bygningar og anlegg skal skje i samråd med kulturstyresmaktene. RA forutsett at forvaltningsplan utarbeidast i samarbeid med regionale kulturminnemyndigheiter.

Statens vegvesen. Vegdirektoratet forutsett at det vert tatt høgde for inngrep ut over eksisterande vegareal ved utbetring av eksisterande riksveg og bruer i området.

DN gjer merksam på at forskrifta ikkje omfattar et forbod mot bruksendring av eksisterande bygningsmasse så lenge ei slik endring ikkje inneber eksteriørmessige endringar. DN meiner derfor at det ikkje er naudsynt å endre forskrifta på dette punktet.



DN viser til definisjonen av landbruksveggar i Landbruksdepartementet si *Forskrift om veier for landbruksformål* av 01.01.97. DN tilrår at verneforskrifta opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til tilrettelegging av enkle traktorløyper som ikkje krev anleggs- og byggjearbeid, og som då kan gro att etter nokre sesongar i bruk.

DN peiker på at utvidingar og utbetringar ut over eksisterande vegareal ved utbetring av eksisterande riksveg og bruar i området, vil kunne løysast gjennom dispensasjonar.

DN vil peike på at det er naturleg at nybygging og byggjetiltak på/riving av eksisterande bygningar og anlegg skjer i samråd med kulturstyresmaktene. Forvaltningsplanen for landskapsvernområdet skal omhandle retningsliner for slike tiltak, og planen utarbeidast i kontakt med relevante styresmakter og organisasjonar. DN meiner derfor det ikkje er naudsynt at dette vert presisert i verneforskrifta.

DN gjer merksam på at det kan gjevast løyve til ras- og flaumsikringstiltak, og at slike løyve vil vere enkle å få.

DN sluttar seg elles til fylkesmennene sine merknader.

Miljøverndepartementet vil streke under at tilrettelegging og bruk av enkle traktorløyper må gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til erosjon, noko som lett kan vanskeleggjere atgroing av løypene etter bruk. Spesielt i dei bratte liene kan det være fare for erosjon. MD sluttar seg elles til DN sine merknader.

### **Hogst**

Vik kommune og fleire grunneigarar har kome med forslag om å heve grensa for hogst/uttak av ved til fem dekar. Aurland kommune og fleire grunneigarar meiner arealavgrensinga for hogst bør kuttast ut. Grunneigarar har òg kome med forslag om å setje arealavgrensing på fem dekar for barskog og inga arealavgrensing på lauvskog. Nærøy Vel og to grunneigarar foreslår at verneforskrifta opnar for stell og avvirkning av granplantefelt og ny tilplanting. Aurland Bondelag meiner forskrifta bør utformast slik at ho oppfordrar eigarane til å nytte skogen. Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane foreslår at det vert opna for hogst av barskog over 5 dekar dersom det vert stilt krav om ein driftsplan for hogst dei etterfølgjande 10 åra. Naturvernforbundet i Hordaland meiner det bør kunne opnast for mellombels løypestrengar for uttak av ved, og at planta skog bør erstattast med naturlege artar når skogen vert tatt ut.

Fylkesmennene peikar på at det er nokre mindre område med barskog innafor grenseframlegget. Dette er i hovudsak furuskogsområde i Dyrdal og granplantefelt i Flåm, i nedre del av Øvsthusdalen og inst i Nærøydalen. Utover dette er skoginteressene knytte til vedhogst av i hovudsak bjørk og or.

Fylkesmannen i Hordaland viser også til merknadene under punktet "Merknader til grenseframlegget".

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjer greie for at bakgrunnen for å ha ei arealavgrensing på hogst, er å unngå store samanhengande hogstflater. Hogstflater, spesielt for lauvskog vil gro att i løpet av få år. Både topografiske forhold og eigedomsstrukturen gjer at det fleire stader kan vere vanskeleg å snauhogge større flater. Høyringsinstansane har òg peikt på at det i

samband med opprigging av vinsj/taubane vil vere meir rasjonelt å ta ut skog i eit større område i staden for å føre fram traktorveggar.

Fylkesmennene vil difor rå til at det vert høve til hogst på samanhengande flater opp til fem dekar. Avklaring av kor langt det eventuelt må vere mellom flatene, kor mange år det må gå før det vert hogge i område attmed og liknande, er forhold som ein må kome attende til i ein forvaltningsplan. For nokre få område kan det vere aktuelt å ta ut skog i område som er større enn fem dekar, dette gjeld m.a. granplantefelt i Nærøydalen og i nokre område der det er ynskjeleg å drive uttak av ved i stort omfang for sal. Fylkesmennene vil difor tilrå at det vert teke inn eitt nytt punkt som opnar for at det etter søknad kan gjevast løyve til skogsdrift på flater større enn fem dekar. Til eit slikt løyve vil det vere naturleg å setje krav om utarbeiding av driftsplan.

Norges Naturvernforbund går inn for at flatehogst bør vere avgrensa til flater på 2,5 dekar.

SABIMA ønske at handlingar som klårt kan føre til etablering av ikkje-stadeigne artar i samband med skogkultur, skal vere forbode.

Norsk Biologforening meiner det ikkje må innførast planter som er framande for området.

DN viser til at i den grad etablering av ikkje-stedeigne artar kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, er dette forbode. DN vil peike på at store delar av området er sterkt kulturpåverka, og i høve til verneføremålet er det ikkje trong for strengare reglar mot framande artar. DN sluttar seg til fylkesmennene sine merknader.

Miljøverndepartementet gir si tilslutning til dette.

I samband med føreleggninga for departementa, ønskte LD presisert at det er innplanting av utanlandske treslag som ikkje skal tillates. Saken er tatt opp med LD, og konklusjonen er at MD si formulering i § 3 pkt. 1.1 b) blir ståande.

### **Motorisert ferdsel**

To grunneigarar meiner maksimumsfart på 5 knop på den aktuelle fjordstrekningen berre bør gjelde for båtar over 35 fot.

To grunneigarar uttaler at fartsrestriksjonen på 5 knop ikkje må gjelde for planande småbåtar.

Ein grunneigar ønskjer avklaring på om flyging under 300m for leiting etter sau kan halde fram.

Ein grunneigar meiner det må vere tillate med motorferdsel på traktorveggar.

Fleire grunneigarar foreslår at det må vere høve til å frakte ned kjøt frå hjortejakta.

Nærøy Vel foreslår at maksimumsfart på 5 knop ikkje må gjelde rutegåande ferjer og planande småbåtar.

Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane har munnleg gitt tilbakemelding på at manøvreringsevna på store båtar ofte krev ein fart som er høgare enn 5 knop.

Forsvarets bygningsteneste Region Sør- og Vestlandet uttaler at det bør opnast for militær øving der det inngår bruk av sikringsbeltevogn og lette beltevogner. Dei meiner òg at forskrifta ikkje skal gjelde militær lågtflyging (under 300 meter).

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane foreslår å auke lågtflygingsforbodet frå 300 til 500 meter over bakken og utviding av fartsreduksjonen i Nærøyfjorden til å gjelde frå Dyrdal/ Styvi og inn heile fjorden.

Voss Naturvernlag meiner det bør klargjerast at motorferdsle på fjorden og vegane gjeld alminneleg ferdsle.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peiker på at ulike båtar vil skape ulike bølger. Å skilje mellom ulike typar båtar vil vere lite føremålstenleg i ei forskrift m.a. fordi ein ikkje kjenner til kva for båtar som vil kome i framtida. Forslaget om å utvide strekninga med fartsreduksjon til å gjelde heile den indre delen av fjorden, vil truleg gi negative konsekvensar for avvikling av rutetrafikken på fjorden. Utifrå høyringsuttaler og innhenting av marinteknisk kompetanse, foreslår fylkesmannen å heve farts grensa til 8 knop og med eit generelt unntak for båtar under 30 fot.

Forbod mot lågtflyging under 300 meter har etterkvart etablert seg som ein standard ved oppretting av nye verneområde. Etersom lågtflyging ned til 300 meter også gjeld ut til sidene vil verneforskrifta i stor grad hindre flyging ned mellom dalsidene og fjordsidene.

Korte strekningar av etablerte bilveggar går gjennom verneplanforslaget og det same er tilfelle med nokre traktorveggar. Traktorvegane ligg i hovudsak attmed gardstuna og vert brukte i landbrukssamanheng. Fylkesmannen foreslår at også motorferdsel på traktorvegane i området vert tillate. Det vert samstundes presisert at dette ikkje gjeld enkle traktorløyper. I forvaltningsplanen vil ein kome attende til skilje mellom enkle traktorløyper og traktorveg.

Det er eit mål å redusere motorferdsel i utmark til eit minimum innafor landskapsverneområdet. I verneforskrifta er det gitt opning for naudsynt motorferdsel i nokre samanhengar, mellom anna i samband med landbruk. Uthenting av storviltkjøt kjem ikkje inn under landbruk (jf. lov om motorferdsel i utmark og vassdrag). Fylkesmannen finn ikkje grunn til å gi ei generell opning i verneforskrifta for å tillate bruk av motorisert køyrety eller fartøy i utmark for uthenting av felt vilt. Sett i forhold til motorferdsellova er jakt ein friluftaktivitet, og det er ikkje automatisk opning for bruk av motorkøyrety eller motorfartøy i utmark i denne samanhengen. Fylkesmannen tilrår likevel at det vert teke inn eit generelt dispensasjonspunkt i forskrifta for å kunne opne for motorferdsel når særlege grunnar ligg føre. Forvaltningsplanen vil vurdere kva for aktivitet dette kan vere aktuelt for.

Forsvaret sine aktivitetar som gjeld orientering, skimarsj og biuvakering er verneforskrifta ikkje til hinder for. Den motoriserte aktiviteten til Forsvaret i samband med militære øvingar kjem inn under målet om å redusere motorferdsla i utmark til eit minimum innafor landskapsverneområdet. Fylkesmannen viser til at det i andre større verneområde i landet ikkje er ei generell opning for militære øvingar som krev motorkøyrety eller luftfartøy (sjå omtale under punktet om militær operativ verksemd). Fylkesmannen rår til at det vert tatt inn eit nytt punkt som opnar for motorferdsel i samband med militær øving i felles sone mellom landskapsverneområdet og Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

Forsvarets bygningstjeneste meiner at forbodet mot lågtflyging ikkje må gjelde militær lågtflyging.

Norges Røde Kors foreslår at forbudet mot motorferdsel ikkje skal gjelde i samband med vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt, og at vernereglane ikkje skal vere til hinder for redningsverksemd. Dei ønskjer også at øvingsverksemd ("bli-kjentkøyning") i samband med m.a. ambulanse-, rednings- og sikringsverksemd skal kunne tillatast etter særskilt løyve.

SABIMA foreslår at løyve til motorferdsel når andre særlege grunner ligg føre, berre skal kunne gjevast så lenge det er verneverdiane som tel høgst.

Norges Naturvernforbund meiner militær øving i verneområdet med bruk av beltevogner, lette køyretøy og lågtflyging ikkje let seg sameine med verneinteressene. Naturvernforbundet går også inn for at fartsreduksjonane på fjorden gjeld heile strekninga Skalmeneset-Bleiklindi.

DN viser til at lågtflygingsforbudet er tatt inn av omsyn til dyrelivet (m.a. fleire rovfuglartar) og utøving av friluftsliv. DN ser at Forsvaret sin øvingsverksemd kan bli vesentleg rørt av eit lågtflygingforbud. Trongen til Forsvaret heldt opp mot verneverdiane gjer at Direktoratet for naturforvaltning tilrår at vernereglane ikkje skal vere til hinder for militær lågtflyging.

DN går inn for at fartsreduksjonen i Nærøyfjorden skal gjelde heile strekninga Skalmeneset-Bleiklindi, fordi å dele opp strekninga neppe vil fungere i praksis.

DN peiker på at det er eit mål at motorferdsel vert avgrensa til det heilt naudsynte innanfor verneområda. På den bakgrunn meiner DN vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde ikkje bør vere unntatt frå forbudet mot motorferdsel. DN viser samstundes til at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til luft- eller snøscootertransport av material til bruer m.v.

I høvet til "kjentmannskøyning" viser DN til retningslinene for bruk av snøscooter i samband med redningsteneste i verneområde. Når det gjeld førebuande redningsteneste heiter det i retningslinjene m.a. at "utgangspunktet må vere at all øvingsverksemd som kan leggest utanfor et verneområde, **skal** føregå utanfor verneområdet. Dette gjelder for eksempel opplæring i bruk av snøscooter og sambandsutstyr. "Kjentmannskjøring" eller øvingskjøring med snøscooter krev særskilt dispensasjon frå verneforskriftene."

DN ønskjer å presisere at landskapsvernet ikkje skal vere til hinder for motorferdsel på dei offentlege bilvegane, og at naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift er tillate på landbruksveggar, saman med i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.

I tråd med gjeldande mal for forskrift for landskapsvernområde, har DN stroke at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel når andre særlege grunnar ligg føre. Punktet "Unntak i særskilde høve" i forskrifta er meint å dekke slike tilfelle.

I forskriftene som vart sendt på høyring, er det i opprømsinga over verksemd som er unntatt frå vernereglane, nytta ordlyden "sikringsverksemd". DN gjer oppmerksom på at i nyare forskrifter for verneområde, er denne ordlyden erstatta med "redningsverksemd", noko som er meir presist i høve til aktivitetane det er tenkt på. DN har endra forskriftene for Nærøyfjorden landskapsvernområde i tråd med dette.

DN sluttar seg elles til fylkesmennene sine merknader.

Miljøverndepartementet støtter DN sine merknader, og vil presisere viktigheta av at all motorferdsel gå føre seg så skånsamt som mogleg i forhold til verneføremålet.

### **Militær verksemd**

To grunneigarar ber om at det vert lagt restriksjonar på den øvinga som engelske militære tropper utøvar vinterstid i området kring Jordalen og Vassnipa.

Forsvarets bygningsteneste er usikre på kva sivile styresmakter legg i omgrepet ”øving”, og anbefalar derfor at ordet ”øving” i to punkt i forskrifta som omhandlar sikringssona, vert erstatta med ”øving/trening”.

Fylkesmannen i Hordaland viser til at verneforskrifta opnar for militær operativ verksemd, og at militære øvingar ikkje kjem inn under omgrepet militær operativ verksemd (jf brev frå Forsvarets overkommando av 07.01.97). Fylkesmannen rår til at høyringsframlegget vert oppretthalde for dette punktet.

**1.4.1.1.3.1.1** DN peiker på at dersom militære øvingar like gjerne kan gjennomførast utanfor verna område, skal det gjerast. Men DN vil også streke under at det er dei same vernereglane som gjeld om ferdsla skjer i militær regi eller ikkje. DN viser også til merknadene frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane under punktet ”Motorferdsel” over.

**Formatert:** Punktmerking og nummerering

DN har endra ordlyden ”øving” med ”øving/trening” som anbefalt av FBT. DN har også tatt inn ei presisering om at dette gjeld eksisterande sikringssone for Mjølfjell skyte- og øvingsfelt.

Miljøverndepartementet støtter DN sine merknader.

I samband med førelegginga for dei andre departementa, ønskte Forsvarsdepartementet at setninga i § 3 pkt. 1,2 bokstav g) i forskrifta: "Forvaltningsstyresmakta skal haldast orientert om slik øving." skulle strykas. Etter samtaler med FD og Forsvarsbygg og i samråd med DN er dette gjort. MD har såleis også stroke same setning i § 3 pkt. 2,2 bokstav h) i forskrifta.

### **Fiske, havbruk, taretråling**

**1.4.1.1.3.1.2** Fiskeridirektoratet ber om at verneforskrifta blir utforma i tråd med retningslinjer i St. meld. Nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsona når det gjeld tilhøvet til fiske, havbruk og taretråling.

**Formatert:** Punktmerking og nummerering

Norges Fiskarlag ber om at forskriftene ikkje hindrar utøving av fiske, m.a. ferdsel av fartøy, bygging av kai, naustplass for fiskeutstyr o. l. Det må heller ikkje vere nokon hindring for at Kystverket kan sette i verk naudsynete tiltak for tryggleiken.

DN vil peike på at vernereglane er i tråd med retningslinjene i St. meld. Nr. 43 (1998-99). Utøving av fiske vert ikkje rørt av verneframlegget. Etablering av faste installasjonar i samband med fiske, må handsamast som dispensasjonsaker. DN meiner det er lite aktuelt med havbruksanlegg i dei to fjordarmane i verneframlegget fordi fjordane er smale og med trafikk av store båtar og skip.

Når det gjeld hausting av tang og tare, viser DN til St. meld. nr. 62 (1991-92) der det står at sjøområde i nasjonalparkplanen gjeld vassoverflata og ikkje under vann. I St. meld. nr. 43 (1998-99) står det likevel at om taretråling kan gå føre seg i eit landskapsvernområde eller

ikkje, er avhengig av kva for påverknad taretråling faktisk vil kunne ha på verneverdiane i strandsona. DN peiker at på bølger frå større båtar fører til utvasking i strandsona i delar av Nærøy-fjorden. Tang og tare verkar dempane på bølger, og i høve til erosjonsproblema kan det derfor vere uheldig å fjerne dette heilt eller delvis. DN ønskjer derfor ikkje å endre forskrifta i høve til hausting av tang og tare. DN gjer elles også merksam på at Sognefjorden inkludert Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden ligg inne på bruttolista til marin verneplan.

Miljøverndepartementet støtter merknadene frå DN. Etter førelegginga for dei andre departementa, er MD blitt samd med FiD om to nye punkt under §3: Under pkt. 1.2 er det kome eit nytt punkt h): *Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsl i samband med dette arbeidet.* Det er og føyd til eit nytt punkt j) under pkt. 1.3: *Nyetablering av kystverket sine anlegg.*

## **FORVALTNING OG OPPSYN**

### **Høringsmerknader**

Det er kome få lokale innspel til forvaltningsordning. DN gjer merksam på at vilkåra for plassering av forvaltningsmynde er endra etter at verneframlegget blei send på lokal høyring, og etter at fylkesmennene gjorde si tilråding. Dei lokale høyringsinstansane kom med merknader i høve til eit framlegg der fylkesmennene er forvaltningsstyresmakt. I ettertid har DN gitt kommunane tilbod om å overta forvaltningsansvaret for m.a. landskapsvernområda..

Aurland kommune meiner kommunen bør få ansvar for utarbeiding av forslag til forvaltningsplan, ansvar for å organisere oppsyn, informasjon og skjøtsel i høve til planen og avgjerdsmynde på konkrete avgrensa forvaltningsområde. Kommunen meiner kommunane bør få ei årleg tildeling av øyremerka midlar for å utføre dei oppgåvene nemnd over.

Vik kommune peiker på at forvaltning av området må skje mest mogleg lokalt.

Aurland Sau og Geitalslag ser det som naturleg at ein forvaltar vert plassert i Aurland kommune.

Statskog Sør- og Vestlandet uttaler at det er viktig at forvaltningsretta tiltak og oppsyn vert koordinert.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane peikar på at forvaltning ofte har vore eit forsømt felt etter vedtak om områdevern, og dei oppfordrar til å kome raskt i gang med verneretta bruk. Dei peikar òg på at det bør nyttast offentlege forvaltningsmidlar for å halde ved like verdiane i det tradisjonelle kulturlandskapet, og at styresmaktene må satse på å halde grunneigarane økonomisk skadelausa ved å betale dei for å gjere arbeid som må til for å realisere føremålet med vernet.

Fylkesmennene peiker på at i Nærøyfjordområdet er kulturlandskap ein viktig del av verneføremålet, og det er difor naudsynt med bruk (skjøtsel og landskapspleie) av området. Grunneigarar og bruksrettshavarar vil vere viktige og nødvendige aktørar.

Det er eit stort ynskje at kulturlandskapet skal haldast i hevd, noko som føreset aktive gardsbruk. Dette føreset eit nært samarbeid mellom miljøvernforvaltninga og landbruksforvaltninga både på kommune- og fylkesnivå.

Etter fylkesmennene si oppfatning bør ei etablering av oppsyn knytt til landskapsvernområdet vere i samarbeid med eksisterande jakt- og fiskeoppsyn. Oppsynstenesta skal drive informasjon og føre kontroll med verneforskrifta, men også vere pådrivar og rettleiar når det

gjeld skjøtseloppgåver i kulturlandskapet. Oppsynstenesta bør òg kunne utføre konkrete skjøtseloppgåver i samråd med eigarane. Det vert difor viktig å etablere kompetanse på kulturlandskap og kulturminne i oppsynstenesta. Statens naturoppsyn (SNO) bør vere ein sentral aktør i utforminga av innhaldet i oppsynstenesta og oppretting av ei stilling som landskapsforvaltar, med arbeidsoppgåver som går ut over vanlege oppsynsoppgåver. Plassering av oppsynstenesta bør vere i Aurland kommune, medan det økonomiske ansvaret for etablering av oppsynet må berast av Staten.

Fylkesmennene meiner kommunane bør få høve til å utarbeide forslag til forvaltningsplan.

Landbruksdepartementet ser positivt på at forvaltningsmynde kan delegerast til lokalt nivå. Departementet finn det naturleg at landbruksfagleg kompetanse vert representert i det rådgjevande utvalet for landskapsvernområdet. LD ser positivt på at kommunane får moglegheit til å utarbeide framlegg til forvaltningsplan, men meiner utkast til forvaltningsplan burde vært utarbeid parallelt med forskrifta og fylgt med på høyringa.

Den Norske Turistforening meiner i utgangspunktet at Staten skal ha forvaltningsansvaret, men foreslår at Aurland kommune får forvaltningsmynde for områda der det er aktiv landbruksdrift. DNT støttar at det vert oppretta eit rådgjevande utval, og har synspunkt på samansettinga av dette. DNT meiner også at det bør opprettast ei forvaltarstilling for området som ein del av Statens Naturoppsyn.

Norges Landbrukshøgskole (NLH) støttar framlegget om eit rådgjevande organ, men ikkje at kommunane vert forvaltningsstyresmakt. NLH meiner fylkesmennene maktar betre å ta omsyn til verneverdiane i eit langsiktig perspektiv enn kommunane.

Norges Fjellstyresamband (NFS) meiner lokal aksept er naudsynt for ei god forvaltning av verneområdet, og at lokal forvaltning er ein måte å oppnå lokal aksept og forståing på. NFS peiker på at forvaltningsplanar er nyttig og naudsynt for ein god lokal forvaltning. NFS forutsett at det vert lagt vekt på samarbeid med eksisterande oppsynsordningar i området ved auka trong til oppsyn.

Statskog meiner dei kommunane som ønskjer det bør også få overta delar av forvaltningsansvaret under føresetnad av at dei har naudsynt naturfagleg kompetanse. Statskog sluttar seg til fylkesmennene si tilråding om at kommunane får høve til å utarbeide framlegg til forvaltningsplan, og tilrådinga frå fylkesmennene om oppsynsteneste.

Norges Fiskarlag støttar at det vert oppretta eit rådgjevande utval for verneområdet, og forutsett at fiskarorganisasjonane vert representert i utvalet.

Norges Naturvernforbund og SABIMA meiner at forvaltningsansvaret for landskapsvernområdet bør vere eit statleg ansvar. Naturvernforbundet og SABIMA meiner det er viktig at det vert etablert ei oppsynsordning for området. Naturvernforbundet peiker på at det er naudsynt med økonomisk støtte til skjøtsel og forvaltning, og at kulturlandskapsverdiane i området er avhengig av aktivt drift på gardsbruka i bygdene kring verneområdet.

DN vil peike på at overføring av forvaltningsansvaret til kommunane er eit viktig ledd i arbeidet med å sikre lokalt engasjement og forståing for vernearbeidet, og tilrår lokal forvaltning av vernereglane frå vernetidspunktet for dei kommunane som ønskjer det. Dersom kommunane ikkje ønskjer forvaltningsansvar, tilrår DN at fylkesmennene blir forvaltningsstyresmakt. Kommunar som får delegert forvaltningsansvar, vil gratis få bistand frå Statens

naturoppsyn til konkrete oppgåver som oppsyn, informasjon, tilrettelegging og skjøtsel, så langt det er ledig kapasitet. DN vil likevel understreke at tilskot til konkrete tiltak, er avhengig av årlege løyvingar frå Stortinget og såleis kan variere. Kommunar som ønskjer forvaltningsansvar, må derfor akseptere at det er knytt uvisse til framtidige budsjett, noko som kan innebere at dei sjølve må bere ein vesentleg del av kostnadene med forvaltinga, jf. likevel merknadene under økonomiske og administrative konsekvensar.

Det bør opprettast eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet. Samansettinga av eit rådgjevande utval må vurderast m.a. ut frå brukarinteresser og forvaltningsmessige utfordringar.

DN understrekar at for eit så stort verneområde bør ein forvaltningsplan bli utarbeidd så snart råd er etter vernevedtaket. I følgje verneforskrifta er det forvaltningsstyresmakta for verneområdet som har ansvar for utarbeiding av forvaltningsplanen, dvs kommunane dersom dei ønskjer denne mynden.

Spørsmålet om oppsyn er kommentert av fleire høringsinstansar, men med noko varierende anbefalingar. Fleire legg vekt på å få ein tilfredsstillande oppfølging av skjøtelsoppgåver i kulturlandskapet, og dermed sikre kulturlandskapsverdiane i området.

DN viser til St. meld. nr. 62 (1991-92), som slår fast at det skal etablerast eit velkvalifisert feltapparat i forvaltinga av nasjonalparkar og andre større verneområde. Ot. prp. nr. 30 (1995-96) signaliserer også behovet for sterkare styring og koordinering av oppsynsverksemda. Det vert fokusert mellom anna på at oppsynet i nasjonalparkar og andre større verneområde, bør være personell tilsett på heiltid og med høg kompetanse. Lov om statleg naturoppsyn av 21. juni 1996 opna for etablering av eit slikt oppsyn, og for opprettinga av Statens naturoppsyn (SNO).

SNO har det overordna ansvaret for statleg naturoppsyn i alle verneområda. Det statlege naturoppsynet skal i første rekke ha slike oppgåver som er skildra i Lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn; - førebygging av miljøkriminalitet, kontroll, rettleiing og informasjon, og å drive med praktiske oppgåver som skjøtsel, registreringar, dokumentasjon mv.

SNO har i dag inga stilling lokalisert i dette området, sjølv om det er fleire nasjonalt viktige områder i distriktet. Mellom anna er det i dag heller ingen fast formalisert statleg oppsynsordning i Stølsheimen. SNO si stilling i tilknytning til Jostedalsbreen nasjonalpark er lokalisert til Stryn, og kan ikkje forventast å være ein aktuell ressurs for Nærøyfjorden landskapsvernområde.

DN har tidlegare, basert på erfaringar frå organisering av naturoppsynet i tilsvarande store nasjonalparkar og verneområde, vurdert at det er behov for to nye SNO- stillingar knytt til dei nye verneområdet i Nærøyfjorden som også kan nyttast til oppsyn i Stølsheimen landskapsvernområde (367 km<sup>2</sup>)/ Fjellheimen villreinområde (1518 km<sup>2</sup>) og evt. også Nordfjella villreinområde (2884 km<sup>2</sup>). Dette vil også kunne sikra oppsyn i samband med rovviltarbeid og lakseoppsyn.

DN legg til grunn at det må være eit monaleg statleg nærvær i eit stort nytt landskapsvernområde, men meiner samstundes at eit godt samarbeid med eksisterande oppsyn kan være viktig for å sikre god lokal forankring og gode samarbeidsrelasjonar, noko som også er nemnt i fleire høyringsuttalingar. DN anbefalar derfor at det i tillegg til to nye SNO-stillingar i området, blir løyva nokre midlar til kjøp av tenester frå lokale oppsynsaktørar i området.



Miljøverndepartementet støtter DN i overføring av forvaltningsansvaret til kommunane som er eit viktig ledd i arbeidet med å sikre lokalt engasjement og forståing for vernearbeidet. MD er også samd i behovet for eit samordna og effektivt oppsyn i området. Gjennomføring av føreslåtte forvaltningsordningar må skje innafør eksisterande budsjetttrammer.

### **Miljøverndepartementet**

#### Tilråd

1. Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde i Hordaland og Sogn og Fjordane fylker fastsettes i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1).
2. Samstundes opphevast kgl.res. 18.10.1991 om Styvi-Holmo landskapsvernområde.

